

## R Ø S S D A L S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 21. september 1972.

Vatnet ligg i Forsand kommune, nærare stadfest nord-aust for Øvre Espedal, og med Indredalen i aust og Holtafjellet i nord.

Arealet er omlag 15 ha. og h.o.h. 126 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men mykje tyder på at der er eit vesentleg djup i den søre delen. I nord-aust, utfor innfallsosen frå Indravatnet, er der nokså langgrunt utover.

Stranda består for det meste av stor stein og der grunnfjellet mange stader støyter like til vatnet.

Gjørmebotn dominerar på djupet.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Bortsett frå den nord-austre delen, der ein vil finna ein mykje frodig vegetasjon, er der elles lite å finna av grøne planter i strandsona.

Nedslagsfeltet femner om skogsmark og snaufjell. Her veks ein del spredt lauvskog.

Hovudbergarten ser ut til å vera gneis.

Det største tilsiget fell inn i nord-aust og kjem frå Indravatnet. Elles fell der inn mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut i vest og går om Lonavatnet ut i Espedalsvatnet.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er heile 18,0 m og vassfargen blå, som indikerar eit oligotrof eller næringsfattig vatn.

Surheita pH er målt til 5,7 som er godt brukbart for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 0,8 mg/l og den totale hardheita 1,8 mg/l. Vatnet er såleis mykje kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Leiingsemna  $K_{18} = 16,7 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$ .

Gjennomstrøyminga er normalt liten.

### Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup, men her vart ikkje funne næringsdyr i det heile. Eit så magert resultat som dette, skal ein leita lenge for å finna maken til.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 fiskar og her vart det funne maur, bladlus, mygg og steinfluger (luftinnsekter

### Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m med planktonhov, og resultatet var ein mykje fattig prøve.

### Fisk m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Sjøaure, ferskvassaure og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 9 ferskvassaurar og 6 sjeaurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av alle dei fanga fiskane og av desse var 4 røde, 7 lys-røde og 4 kvite i fiskekjettet.

Videre var der 12 hanfiskar og 4 hofiskar - ei noko skeiv kjønnsfordeling.

2 av fiskane var svakt angripne av parasittar.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten for prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor. Ferskvassaturen er for seg og sjøaturen for seg.

Ferskvassature.

	Alder ved vinter							
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år	8år
Medellengde i cm	4.0	8.5	13.6	19.2	22.5	33.0	37.7	38.2
Årleg lengdetilvekst i cm	4.0	4.5	5.1	5.6	3.3	10.5	4.7	0.5
Antall fiskar	9	9	9	9	7	4	2	1


Medel kondisjonsfaktor = 0.91 tilseier fisk av god kvalitet.

Sjøature.

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	6.4	12.0	17.7	24.9	33.2	37.7	43.0
Årleg lengdetilvekst i cm	6.4	5.6	4.7	8.2	8.3	4.5	5.3

Medel kondisjonsfaktor 1.02 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

Vi set nedanfor opp ein vekstkurve for fisken i Røsdalsvatnet og samanliknar med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år). Ferskvassaturen er her for seg og sjøauren for seg.



Som vi vil sjå av vekstkurven, så syner fisken i Røsdalsvatnet ein noko dårleg lengdetilvekst og ligg under normalkurven like fram til 5-6 års alder. Det oppsvinget kurven gjer her skuldast berre eit par fiskar så det er neppe representativt for ferskvassaturen i Røsdalsvatnet. Vanlegvis er det ca. 25 - 30 fiskar som dannar bakgrunnen for ein slik vekstkurve, så då her berre er 9 fiskar er prøvematerialet noko tynt, men ein viss peikepinn vil det gi.

Sjøauren syner ein mykje god lengdetilvekst og oppsvinget vi får ved 3 års alder skuldast at auren forlet vassdraget då og går ut i sjøen der næringsforrådet er stort og veksten god.

#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som sær næringsfattig. "Bufferemna" er svak og pH utsett for store svingningar.

Botnprøvene våre syner at der er lite og ikkje næringsdyr å finna og planktonprøven var mykje fattig. Mageprøvene fortel at det stort sett er land- og luftinnsekter som fisken lever av.

I det heile ser det ut til å vera mange "oppkommer" i Røsdalsvatnet. Den vegetasjonen ein finn i den nord-austre delen skulle tyda på dette.

Ser vi på nedslagsfeltet så er dette heller skrint, slik at det er lite med mineral- og næringsstoff som gjennom tilsiga blir tilført vatnet.

Det viktigaste med Røsdalsvatnet er at sjøauren kan gå opp. Vatnet skulle høva godt som sportsfiskevatn om hausten, då ein del større fisk både av sjøaure og ferskvassature vil gå opp her. Bortsett frå denne gytetfisken er det sikkert eit minimalt fiskebestand som vatnet inneheld.

Gytetilheva er gode i bekken ved Indravatnet.

#### Praktiske tiltak.

Blir der skipa grunneigarlag for Espedalsvatnet bør grunneigarane til Røsdalsvatnet inngå i dette.

Vatnet byr på gode muligheter for stangfiske så der er sikkert dei som vil prøve fiskelukka her.

Stavanger den 5. april 1973

Einar Berg